



Norconsult As VA-seksjonen  
Postboks 1199  
5811 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/664 - 17/11015

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
31.05.2017

## Godkjenning - GBNR 23/4 - Løyve til opparbeiding av offentleg parkeringsplass

**Administrativt vedtak. Saknr: 149/2017**

**Tiltakshavar:** Meland kommune  
**Ansvarleg søker:** Norconsult AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Saka gjeld:

Saka gjeld søknad om løyve til etablering av parkeringsplass, ny avkjørsle til kommunal veg, gangveg til friluftsområde og gangveg til badevik i tilknyting til friområde på Frekhaug på gbnr 23/4, samt etablering av fundament for framtidig skogsveg.

Utval for drift og utvikling gav i møte 25.04.2017, sak 43/2017, dispensasjon frå byggjegrense mot sjø i KPA for tiltaket. Dispensasjonen er rettskraftig.

For nærmere opplysningar om utforming av tiltaket blir det vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 16.3.2017.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla utan merknadar. Administrasjonen vurderer nabovarslinga som tilstrekkeleg, jf. pbl § 21-3 første og andre ledd.

#### Lov- og plangrunnlag:

Opparbeiding av parkeringsplass er eit «*tiltak*» etter pbl § 20-1 bokstav I), og på grunn av storleiken er tiltaket i denne saka søknadspliktig med krav om ansvarleg føretak, jf pbl §§ 20-3, jf § 20-2.

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan for Frekhaug aust, planid: 125619930624. Arealet der ein ønskjer å plassere parkeringsplassen er i reguleringsplanen satt av til offentleg trafikkområde (parkering), friområde (park, turveg, leikeområde) og blanda formål (friområde/trafikk). Tiltaket er planavklart gjennom dispensasjonsvedtaket gitt av UDU, jf ovanfor.

På arealet som er satt av til offentleg trafikkområde kan det opparbeidast parkeringsplass, jf. planføresegns § 9 bokstav a). Det same gjeld arealet som er satt av til friområde/trafikk, jf. planføresegns § 16.

Planføresegns § 10 gir forbod mot tiltak på arealet som er satt av til friområde, «*med mindre det er naudsynt for bruken av friområda.*» Ettersom ein parkeringsplass på dette arealet legg til rette for lettare tilkomst til friområdet rundt, vurderer administrasjonen det slik at opparbeiding av parkeringsplass òg er i samsvar med arealformålet friområde.

Vidare følgjer det av veglova § 40 andre ledd at opparbeiding og bruk av avkørsle må godkjennast av kommunen.

#### Utforming, plassering og avstand til nabogrense:

Eit tiltak si plassering og høgd må vere i samsvar med reguleringsplanen, jf pbl § 12-4, og skal godkjennast av kommunen, jf pbl § 29-4 første ledd. Føresegna gjeld så langt den passar for blant anna vesentleg terrengeingrep og opparbeiding av veg eller parkeringsplass, jf pbl § 30-4 første ledd. Kommunen kan fastsette høgd og form på terregn, jf § 30-4 andre ledd.

Ved vurdering av plassering og høgd etter pbl § 29-4 første ledd kan tilpassing til terregn og eksisterande bygningar, utsikt, lystilhøve og brannsikkerhet vere relevante forhold. Vidare vil omsynet til nabobar, og om dei kan behalde tilsvarende kvaliteter, vere relevante omsyn.<sup>1</sup> Administrasjonen kan ikkje sjå at omsyna bak kravet om avstand frå nabogrense gjer seg gjeldande for det omsøkte tiltaket. Parkeringsplassen blir difor godkjent plassert som omsøkt og som vist på vedlagte situasjonskart journalført 16.03.2017.

Vidare godkjenner administrasjonen opparbeiding og plassering av avkørsle som omsøkt, jf. veglova § 40 andre ledd. Avkørsla skal plasserast som vist på vedlagte situasjonskart, journalført 16.03.2017.

Parkeringsplass og avkørsle skal utformast etter vedlagte plan- og profilteikningar, journalført 23.3.2017.

#### Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar og tiltakklassifisering i saka går fram av erklæringer om ansvarsrett og gjennomføringsplan, journalført motteke 26.03.2017. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket blir utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf pbl § 23-1. Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarleg prosjekterande og utførande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf pbl § 23-4 andre ledd.

#### **VEDTAK:**

---

<sup>1</sup> I rundskriv H-8/15

*«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (tbl) § 20-1 bokstav I) løyve til opparbeiding av parkeringsplass, gangvegar og fundament for skogsveg på gbnr 23/4 i samsvar med søknad jurnalført motteke 16.03.2017. Føreliggande løyve omfattar naudsynte støttemurar.*

*Vidare godkjenner kommunen opparbeiding og bruk av avkjørsle som omsøkt, jf veglova § 40 andre ledd.*

*Tiltaka skal plasserast som omsøkt og vist på vedlagte situasjonskart, jurnalført 16.03.2017, og utformast etter vedlagte plan- og profilteikningar, jurnalført motteke same dato.*

*Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket blir innstilt i meir enn to år, jf tbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.*

*Ansvar i saka gjeld i samsvar med innsendt erklæring, jf saksutgreiinga ovanfor.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nyttal fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kart  
Kart

**Kopi til:**

Harry Finseth